

Nødvendig kompetanse og fagfolk

Maling og reperasjonar på murbygget Messen Kunst- og Kulturhus

Me er i kontakt med Malermeister Meusburger AS i Odda som har stor kompetanse på rehabilitering og maling av gamle murbygg.

Dei har vore engasjerte i mange restaureringsprosjekt i Odda, som Tyssedal Kraftstasjon og Sentralbadet Litteraturhus på Smelteverkstomta i Odda og i fleire historisk bygg i Bergen.

Dei er interessert i oppdraget og var for ca 3 år sidan på synfaring til Messen for å sjå på fasaden. Dei har fått tilsendt nødvendige opplysningar og vil kome med eit overslag på kva kostnaden for jobben kan verte. Me reknar med å kunne ettersende det i neste veke.

Nye vindauge og dører

Me har fått eit prisoverslag frå Botnen Entreprenør AS som er ein av våre lokale leverandørar av vindauge og dørar. Dei har eigne fagfolk på innsetjing og byte av vindauge og dørar. Dei har også eigen verkstad om det skulle vera behov for ei dør eller vindauge i ukurante mål og utforming.

Ny kjøkkeninnreiing

Me reknar med å bruke vår "faste" snikkarfirma TRU PÅ TRE ved Klaus Rasmussen i Øystese. Han kjenner etter kvart til huset etter fleire oppdrag. Han har eit godt auga for stilens og historikken i huset og er kjend for å finne gode tilpassa løysingar.

Han er aktuell både om det vert bygging av kjøkken på staden eller ferdige seksjonar.

Me vil og bruke røyrleggjarfirmaet Kåre Neteland AS i Norheimsund som allereie har gjort ein god del oppgraderingar i huset i samband med nytt bad, nye varmtvannstankar med meir og kjenner opplegget i huset

Som Elektrikar vil me bruke Vangen Elektro frå Voss, som også kjenner huset etter å ha hatt all oppgradering av det elektriske anlegget.

Me skal prøve å få tak i eit overslag på kva ny innreiing vil koste, so snart som råd og håper å vidaresende i neste veke.

Salong – allrom

Her vil me og bruke vår faste snikkarfirma TRU PÅ TRE ved Klaus Rasmussen i Øystese.

Han har tidlegare rive det som trengs. Ved oppattbygging er han opptatt av å ikkje øydeleggje det som er intakt og at me held på stilten.

Til å leggje nytt linoleumsbelegg på golvet får me fagfolk frå Fargerike Norheimsund. Dei har også gjort eit par oppdrag for oss tidlegare.

Golvbelegg har me fått pris på og er vedlagt.

Mens snikkararbeidet har eg estimert utifrå rekningars for tidlegare utbetringar som har blitt gjort.